



**Jobbnorge-ID:** 289354

**Søknadsfrist:** 28.11.2025

**Nettside:** <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/>

**Omfang:** Heiltid

**Varighet:** Fast

Vi søker ein engasjert leiar til planseksjonen

## Seksjonsleiar plan

### Om stillinga

Statsforvaltaren i Vestland søker ein tydeleg og engasjert leiar for planseksjonen i kommunalavdelinga.

Statsforvaltaren er sektormynde og medverkar i kommunalt og fylkeskommunalt planarbeid. Vi skal også sjå til at kommunane oppfyller plikta til planlegging etter lova. På vegner av organisasjonen samordnar planseksjonen dette arbeidet.

Det er for tida 15 tilsette i planseksjonen, fordelt på kontora våre i Leikanger og Bergen. Seksjonsleiaren inngår i leiargruppa ved kommunalavdelinga, saman med kommunaldirektøren og seksjonsleiarane for beredskap og justis og byggjesak. Seksjonsleiaren skal leggje til rette for at kollegaene har gode rammer, slik at vi saman når måla våre.

Stillinga har kontorstad Bergen. Du må rekne med ein del reiseaktivitet, og må difor ha førarkort.

### Arbeidsoppgåver

- Personalansvar for planseksjonen
- Utvikle seksjonen, og leggje til rette for eit godt samarbeid internt
- Sikre god dialog med andre sektorstyresmakter, fylkeskommunen og kommunane
- Prioritere arbeidsoppgåvene og koordinere planarbeidet i seksjonen og embetet
- Godkjenne og kvalitetssikre saker
- Rettleiing og opplæring på planområdet

### Ønskjelege kvalifikasjonar

- Relevant masterutdanning frå høgskule eller universitet, til dømes innan arealplanlegging
- Kunnskap om planområdet
- Evne til å handtere media
- Høg fagleg og personleg integritet
- God skriftleg og munnleg framstillingsevne på begge skriftspråk
- Erfaring frå offentleg forvaltning
- Leiarerfaring - gjerne frå statleg eller kommunal sektor

### Personlege eigenskapar

- Tydeleg og tilgjengeleg, med evne til å skape tillit internt og overfor samarbeidspartnarar
- Gode evner til kommunikasjon, samarbeid og strategisk tenking
- Stor arbeidskapasitet og gjennomføringskraft
- Evne til å motivere og involvere medarbeidarane
- Evne til effektiv drift og prioritering av arbeidsoppgåver

### Som tilsett hos Statsforvaltaren får du

- interessante arbeidsoppgåver
- eit kompetent og tverrfagleg arbeidsmiljø
- ein arbeidsplass i utvikling
- medlemskap i Statens pensjonskasse med god pensjonsordning, gunstig bustadlån og forsikringsordning
- trening i arbeidstida
- delvis heimekontor
- fleksibel arbeidstid
- løn i samsvar med vår lokale lønspolitikk

## Vi ønsker mangfold

Statsforvaltaren ønsker mangfold, og vil leggje til rette for eit [inkluderande arbeidsliv](#).

Vi oppmodar alle kvalifiserte kandidatar til å søkje utan omsyn til alder, kjønn, nasjonal eller etnisk bakgrunn, funksjonsevne eller hol i CV-en. Vi oppmodar om å krysse av i jobbsøklarportalen dersom du har nedsett funksjonsevne, hol i CV-en eller innvandrarbakgrunn. Dersom det er kvalifiserte søkjarar frå desse gruppene kallar vi inn minst ein søkjar i kvar av gruppene til intervju. [Les meir om positiv særbehandling hos Arbeidsgivarportalen](#).

## Vilkår

Alle som søker stillinga må søkje digitalt gjennom rekrutteringsportalen Jobbnorge. Du må laste opp relevante vitnemål og attestar. Vitnemål og/eller karakterutskriftar hentar du frå vitnemålsportalen i Jobbnorge. Har du utdanning frå utlandet legg du ved godkjenning frå [HK-dir](#).

Når søknadsfristen er ute, vurderer vi søknaden din på bakgrunn av informasjonen du har sendt oss. Det er derfor viktig at du både i søknadsbrevet og CV-en, viser korleis kompetansen din fyller krava som er sett i utlysinga.

Stillinga er lønna i stillingskode 1211 seksjonsleiar, frå kr 840 000-940 000 brutto per år ut frå kvalifikasjonar og lokal lønnspolitikk. For særskilt kvalifiserte søkjarar kan vi vurdere høgare lønn.

Dei første seks månadane er prøvetid. Du kan lese meir om det i [statens personalhandbok](#).

Tenestemålet til embetet er nynorsk.

Offentleg søkerliste blir utarbeidd etter søknadsfrist. Dersom du ønsker å reservere deg frå oppføring må du grunngje dette. Du får varsel om reservasjon i rekrutteringsportalen dersom reservasjon ikkje blir teken til følge.

## Om Statsforvaltaren i Vestland

Statsforvaltaren har eit heilskapsansvar for all statleg verksemd i fylket, og skal følgje opp vedtak, mål og retningslinjer frå stortinget og regjeringa. Vi skal dessutan fremje fylket sine interesser, og kan dermed ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsmakter.

Statsforvaltaren kjenner kommunane, og er i kontakt med mange enkeltmenneske i ulike situasjonar og livsfasar. Vi jobbar heile tida for at omverda skal oppleve Statsforvaltaren som tilgjengeleg, nær og løysingsorientert.

Statsforvaltaren i Vestland er ein spennande arbeidsplass med seks avdelingar og kring 280 tilsette. Vi har delt lokalisering mellom Leikanger, Bergen og Førde - med hovudsete i Leikanger.

## Tilleggsinformasjon

### Kontaktperson:

Synnøve Stalheim, Kommunaldirektør

Telefon: +4757643004 | E-post: [synnove.stalheim@statsforvalteren.no](mailto:synnove.stalheim@statsforvalteren.no)

### Arbeidsstad:

Solheimsgaten 13 5058 Bergen (Bergen Kommune)